

KYRKJEBLAD

FOR
DAVIK

Nr. 146

Kjem ut
4 gonger årleg

Mars 1944

Utgjevar og redaktør:
Prost R. J. Slaattelid
Davik

15. årg.

Påske.

Så endte den stille uke,
en angstens og smertens tid,
fra Palmesøndagens jubel
og gjennom Getsemanes strid,
for ulv og lam har han sonet,
blødende, tornekronet.

Så senktes den store stillhet
mildt over høy og lav,
og Golgata hvilte i mørke. — — —
Disiplene satt ved hans grav,
Maria har smertebetynget
sin arm om Johannes slynget.

Men tredje dags morgen i gryet,
som verden i solglans klær,
sprang stenen fra klippehvelvet,
og døden ~~var ikke mer!~~
Og hjertene synger og bever:
Mesteren, Mesteren lever!

No ringer hver påskemorgen
med glade, søvklare slag,
de tusener klokker som kaller
til denne velsignede dag, —
for Ham som vant over døden,
og oppstod i morgenrøden!

Rolf Hiorth Schøyen.

Under Jesu kross.

Den som vert ståande still innunder Jesu kross, vert sett åsyn til åsyn med livsens store grunnspørsmål og hovudsak, som aldri elles. Vis er difor den som fylgjer med til Golgata i dag.

Livet vert for dei fleste av oss uroleg; der er so mange ting som stig fram for synet, som lyder for øyro, som gjer krav på tankane, som slit på kjenslone. So lurar der då alltid ein fåre for å verta grunn og utetter-vend for å gløyma kjernen, koma burt frå hovudsaki.

Under krossen samlar alt seg om Jesus. Og den krossfesta Jesus samlar alt om ein ting: *Synd og frelse.*

I dei mest avgjerande timane mannasoga veit om, dei timane Jesus stridde sin dødsstrid på krossen, då var det denne eine tingen det gjaldt: Menneski si synd — Guds frelsegjerning.

Difor talar Jesu kross, midt i det mangrøysta livsens kor, om at det er eit som trengst, det som Guds lamb stridde for under usegjeleg sjeleleg og likamleg pine.

Under Jesu kross kjenner eg at det er so. Eg kjenner meg saka, livet mitt vitnar mot meg, Jesu pine vitnar mot meg. Han døydde millom syndarar, og eg var ein av dei.

Difor, frelsar, grip eg etter ditt ord, det er fullført! som ferdamannen i øydemarki grip etter vatsskåli når han held på å forkomast av tørste. Ditt verk er fullført, du som døydde for ugudelege. So er der då for meg og »ei opi kjelde til å tvætta av synd og ureinskap«.

Under krossen vil eg vera. Eg vil vera der alltid. Syndi og ureinskapen ser eg på nytt kvar dag. Lova vere Gud at kjelda alltid er opi!

Her under krossen, i ljuset frå min frelsars kjærleik som heldt ut til døden, er det og eg søker kraft til eit liv som er Kristi evangelium verdigt.

O, Jesus du som vilde
meg to i ditt blods kilde
for Gud som sneen hvit,
la meg mitt liv forandre
og i ditt lys henvandre,
og være din til evig tid.

Under Jesu kross vil eg vera, so eg alltid kan minnast at der er eit som trengst: Frelst ved Kristi blod å ferdast i dei fotefari han let etter seg då han leid for meg.

Ragnvald Indrebø.

Våre sammenkomster.

I Guds hus.

»Forvar din fot, når du går til Guds hus!« (Pred. 4, 17).

Gå ikkje tankeløst og lettsindig til Guds hus — eller annetsteds hvor Guds ord forkynnes!

Pass på *hvortledes* du går dit, med hvilket sinnelag, i hvilken stemning!

Husk på *hvem* det er du der skal møte!

Det gjelder selvfølgelig ikkje minst oss som forkynner ordet. Vi legger ganske visst ordet hindringer i vegen, jeg tenker vi alltid gjer det. Guds ord, ordet fra Gud og om Gud, ordet med de evige krefter, skal passere gjennom våre dårlige hjerter og urene munne, og om enn ild fra Herrens alter har rørt både ved hjerter og munne, — akk, det er dog allikevel skrø-

pelige redskaper for Helligånden. Så saktens har vi god grunn til å forvare vår fot når vi går til Herrens hus. Så vi framstiller oss til Herrens tjeneste ydmyge og bøyelige og som villige redskaper for Helligånden.

Men det gjelder også våre tilhørere. Hvem er det I vil høre? Hvem er det I vil møte? Vel ikke dette eller hint menneske? Eller er det ikke *Herren* I vil høre, I vil møte? Har I intet offer å bringe ham? Ingen særlig trang til noe fra ham?

Men da sømmer det seg vel at I møter fram for ham, den Høye, med botferdighet og ydmyghet, — med litt av Abrahams sinn: Se, jeg har dristet meg til å tale med Herren, endog jeg er støv og aske. Da sømmer seg det samlede, helt andektige sinn som lukker verden og dens travle larm ut og vil være ene med ham som skal tilbes, — i syndsbekjennelse og trosbekjennelse, i bønn og lov og takk.

Tenk deg at Herren møter deg ved kirkedøren. Han spør: hva vil du? Og du svarer: deg vil jeg finne, deg vil jeg møte. Deg vil jeg bringe — akk, jeg har ikke annet — mitt fattige, etter deg hungrende hjerte. Med deg vil jeg tilbringe denne hellige time. Jeg vil gi deg min fattigdom — og få av din rikdom hva mitt hjerte har behov til og salighet, Herre, det vil jeg!

Tro meg: da fullbyrdes denne hellige vekselvirkning, dette samliv i gaven og mottagen som er gudstjenestens idé. Da får du Gudstjeneste for Herren og i Herren.

Gud la det lykkes! I Jesu navn, amen.

»Bud og Hilsen».

I Herrens hus — Herren er der.

»På ethvert sted hvor jeg lar mitt navn ihukommes, vil jeg komme til deg og velsigne deg.»

2. Moseb. 20. 21.

Mange eiler få, fullt hus eller tomme kirke- og bedehusbenker, — *Herren er der.*

Marta stod og gråt ved graven. Herren var tatt bort. Og — så stod han der! Hun kjente ham bare ikke og sa ham ikke. Slik er det på hvert sted, hvor Herrens navn ihukommes. Han er der. Usett. Ukjent. Men derfor like virkelig. — Det er etter sin *kjærlighet*, han er der. Kjærligheten tvinger ham til å tre opp hvor der arbeides for ham. Der er *han* den mest arbeidende. Han kjennes ikke av verden. Men han kjennes, hvor sjelens dypeste lengsel søker. — hvor en sjel i taushet skriker etter ham.

Han er i sitt hus i evangeliet. Det er *ham*, som er evangeliets kraft.

Han er i sitt hus i dåpen. Det er *ham* som er dåpens kraft.

Han er i sitt hus i nattverden. Det er *ham*, som er nattverdets kraft.

Han er der med *nåde*. Bare nåde for den lengtende synder.

»Nåde, nåde utan ende! Å kor er Guds nåde stor!»

Han er der med sitt *lys* for å kaste håpets stråler inn i det tvilforvendte sinn. Hvor Herren i sitt hus ofte kan spre tvilens tåker.

Han er der med sin *kraft*. »Hans kraft er enno virksom til å helbrede.» (Luk. 5. 17). Fikk du aldri kraft fra Jesus i hans hus?

Han er der med sin *tukt*. Du var der. Sa kom han og åpenbarte gjennom sitt ord din synd for deg. Og tukten drev deg til Jesus.

Han er der med sin *trøsts* legende balsam. Sjelens sår ble legt.

*Var vi på jord ei mer enn to,
Jesus var der som tredjemann.*

Peder Dreyer.

Stilhet.

Stilheten på våre oppbyggelige møter lar nok ofte atskillig tilbake å ønske. Herom skrev »Kineseren« i sin tid:

Så begynner de å pludre og prate med hverandre, de som sitter side om side, eller endog med dem som sitter foran eller bak.

Hvis en uinnvidd på en eller annen måte fikk nyss om at denne flokk var kommet for å møte Gud, så måtte han sitte med det inntrykk at Gud ikke var kommet, og at det var en så liketil sak å møte ham at det var rikelig tid å bli oppmerksom når han viste seg. —

Men det er en feil av oss å gi andre og hverandre et slikt inntrykk. Hvor Guds barn, eller endog bare søkende sjeler er samlet, der er Gud før noen annen. og der sømmer det seg for oss å være stille for ham. Ja, endog om der ikke engang er noen søkende; men hvor evangeliet skal forkynnes for bare likegyldige mennesker, endog der er Gud tilstede med sin and for med ordet å søke å vekke og frelse de ubotferdige.

La det bli mer stilhet i våre møter også før sang og tale tar til. Det er bra at vi er så høflige mot taleren eller lederen av møtet, at vi blir stille for ham når han sier opp salme eller sangnumret. Det var tusen ganger bedre at vi var stille for Herren alt fra først av, så han fikk oss i tale før både leder og taler har mælt et ord. Da vilde det kanskje bli lettere å åpne munnen for den som skal tale, og sikkert vilde det bli lettere for oss selv å høre Guds tale igjennom alt.

»Gud er i himmelen og du på jorden, la derfor dine ord være få.»



Våre døde.

12. nov.: Peder Olsson Nedreberg, Olsbø, f. 1922.
21. nov.: Kristine Pedersdtr. Liset, Midthjell, kona til Kristofer Liset, f. 1903.
7. des.: Olai Abelsson Totland, e. karmann, f. 1862.
10. des.: Anne Olsdtr. Gloføk, kårenkje. f. 1864 på Flølo i Breim.
29. des.: Rasmus Tollefsson Rød, småbrukar. f. 1856 i Eid.
3. jan.: Elisabet Eriksdtr. Askeland, kårenkje, f. 1857 i Hyen.
4. jan.: Ane Kolbeinsdtr. Solibakke, kårenkje. f. 1853 i Selje.
11. jan.: Jørgine Andersdtr. Myklebust, kårenkje. f. 1865 på Isane.

*Deg over meg forbarme,
o Fader mild og blid,
at jeg i dine arme
får hvile fra min strid.*

Notisar.

Olav Trygvesons bøn i siste nr. står i Flatøyboka. ei sogesamling frå 14. århundrad, men venteleg har ho frå fyrst av stade i den saga om kong Olav som Gunnlaug munk skreiv ikring 1200.

Døypte: 28. nov. Reidar Jørgen, f. 4. okt. av f. Sverre Rasmusson Maurset, Myklebust, og k. Valborg Kristensdtr. (f. Sigdestad). — 5. des. Irene Agnes, f. 21. sept. av f. Martin Matiasson Haslerud og k. Kirsten Haslerud (f. Bøen). — S.d. Jenny Signe, f. 1. okt. av f. Peder Antonsson Åse og k. Johanne Sakariasdtr. (f. Muri). — 1. jan. Inger Marit, f. 30. sept. av f. Martin Jensson Sølvsberg og k. Ingeborg Pedersdtr. (f. Åland). 2. jan. Ragnhild Astrid, f. 17. sept. av f. Adolf Døket og k. Valborg Ivarsdtr. (f. Dombestein). — 30. jan. Hjørdis Sigrun, f. 21. okt. av f. Jon Jonsson Stokke, Hennøy, og k. Olina Kristofersdtr. (f. Hennøy). — 13. februar Norvald Bjarne, f. 6. okt. av f. Jon Jonsson Visnes, Verpeide, og k. Anna Nilsdtr. (f. Fløholm). — S. d. Solbjørg, f. 3. des. av f. Jørund Didriksson Almenning og k. Ragnhild Jørgensdtr. (f. Eldevik).

Ektevigde: 31. des. Peder Myrvang, Davik, og Elise Gangsøy, Måløy. — 1. jan. Kristofer Kristiansson Rimstad og Signe Lindberg, Vardal. — S. d. Andreas Ols-son Solheim og Petra Rasmusdtr. Løken, Ålfot.

Døypenamn. I 1943 var døypte 65 born frå Davik. Av dei fekk 48 norske namn: Arne, Dagfinn, Kåre, Ivar 2, Dag, Reidar 3, Per 3 (opphevleg av det greske Petros), Håkon, Hallstein, Arvid, Alv 2, Kjell 3, Roar, Odd, Svein, Roald, Vidar, Knut, Magne, Jostein, Ashjørn, Leiv, Bjarte, Einar, Inger (av Ingegerd), Eldbjørg, ~~Solfred 2, Turid, Reidunn, Jorid~~ Jorunn 2, Magny, Bjørg 2, Kari (av gresk Katarina), Liv, Oddlaug, Aud. — 17 fekk utanlandske namn: Ole 2 (dansk, av det norske Olav), Hans (tysk), Johan (tysk), Anny (engelsk), Berit 2 (irsk), Irene (gresk), Jenny (engelsk), Rigmor ?, Anne (av det gresk-hebraiske Anna), Marta 3 (av latinsk Margareta), Erna? Elisa (av det gresk-hebraiske Elisabet), Else (likeeins).

Norske namn for norske born.

Olav Totland døydde 7. desember, over 80 år gamal. Med han er ein omgjengeleg, arbeidsam og tenstviljug bygdemann gått bort. Han var ringjar og kyrkjetenar i Totland. Det fyrste ombodet hadde han frå det kyrkja vart teki i bruk i 1912. det andre i ca. 15 år. Han røkta desse ombod på ein framifrå måte. Som i alt anna syntte han også her at han var ein samvitsfull ordensmann. Han tolde ikkje slurv i Guds hus. Herrens tempel skulde vera reint, velskipa og velstelt. Han var i det heile sers glad i kyrkja og endå på sjukesenga hadde han stor omsut for stellet der. No har Gud teke han heim til seg der kyrkja er større og herlegare enn her, og der livet er ei æveleg gudsteneste. — Fred over minnet. H.

Til kyrkjetenar i Totland har Rugsund tilsett Ragnvald O. Totland.

Basarar: Berle 5. nov. til heidningmisjonen 798 kr. Ålfot 1. nov. til heidningmisjonen 380 kr.

Dødsfall skal straks meldast til lensmannen. Det er ulovleg å taka opp ei grav før det er gjort, og gravarane må alltid spyrja etter om dødsfallet er meldt før dei grev eller gjev løyve til å grava.

Attestar fra presten kostar til vanleg 1 kr. Når ein

tingar ein attest skriftleg, bør ein senda betalinga i frimerke + 20 øre til porto.

Legat i Davik. Arne O. Daviknes' legat gjev hjelp til sjuke i Davik sokn. — Gregorius Kjøllesdals legat og Amalie Eides legat er for slike som mister krøter og har vanskeleg for å kjøpa seg noko att. Det fyrste av desse er berre for Davik sokn, det andre for heile prestegjeldet.

Til heidningmisjonen kom i 1943 inn ved Dombestein foreining kr. 118.20 og ved Davik misjonsforeining 863.80. Dertil renter 252. Israelmisjonen og Santalmisjonen fekk 25 kr. kvar. Det var nedgang i innkomene frå 1942.

For 100 år sidan: Døde: 9. april 1844 Ole Colbensen Buegjærd, gårdm., 61 år. — 27. mai Gabriel Joachim Lund, sogneprest, 43 år. — 30. mai Christian Knudsen Homborstad, gårdm., 46 år. — 9. juni Peder Johnsen Endal, gårdm., 53 år. — Vigde: 8. april Erich Andersen Kjøllesdal og Kari Jetmundsdtr. Møchlebust. — 12. april Johannes Hansen Veraas og Synneve Martinsdtr. Levdal. — 15. juni Abel Christensen Henøen og Ragnhild Olsdtr. Hessevognbakken. 27. mai. Christen Christensen Midgjel og Synneve Poulsdtr. Homborstad. — 19. mai Jens Jacobsen Gloføg og Dorthe Andersdtr. Endahl. — 15. juni Anders Olsen Nave og Marte Martinusdtr. Levdalsgjelle. — 15. juni Johannes Michelsen Lofnæs og Brithe Andersdtr. Hessevig. — 15. juni Elling Ingebrigtsen Bortne og Kari Pedersdtr. Henøen. — 30. juni Rasmus Rasmusson Skarsten, Angelshaug, og Janike Didriksdtr. Eldevig.

Åremålsdagar. 80 år: 8. mai Andreas S. Haus. — 70 år: 1. mai Ole I. Husevåg. — 8. mai Hans Matiasson Reksnes. — 50 år: 15. april Johannes A. Rosenlund. — 9. mai Arnfinn J. Myklebust. — 15. mai Alfred O. Vik. — 22. juni Rasmus J. Sundal. — 28. juni Laurits J. Lofnes.

Kyrkjeleg statistikk 1943.

	Davik	Rugsund	Ålfot	Tils.
Døypte	11	25	3	39
Konfirmerte	9	39	5	53
Ektevigde	3	7	1	11
Jordfesta	14	22	3	39

Kvittering for kontingent: Serianne Haus, R. S., I. Torheim, Matias Bruvoll, Ivar Bøen, Knut Domme-
sten 5 kr. — Andreas Haus, Rakel Bakkeliid, Kristofer Elvebakke, A. H. Endal 3 kr. — Kristian E. Midthjell 4 kr. — *Tilsaman 46 kr.*

Hjarteleg takk til alle. Rekneskap for 1943 kan ikkje koma før i neste nr. då eg enno ikkje har fått rekning frå prentaren. Då kjem og kvittering for det som er betalt etter nyttår.

Den 27. mai er det 100 år sidan sokneprest Lund døydde. Om han heiter det i embetet si kallsbok: Gabriel Joakim Lund, født på Aager (Lyngdal) prestegård i Kristiansand stift 14. mars 1801, prest til Davik 1834 (ankom 5. okt.), døde 27. mai 1844 av en trebole i hånden. Hans omhu med konfirmantene omtales med påskjønnele, og i det hele hans gode og vennlige forhold til almuen hos hvilken han nok ferdedes ikke så lite. Han var av statur en meget før og svær mann. I hans tid blev ungdommen i Rugsund fritagen for å reise til Davik til konfirmantundervisning, og i året 1836 blev den dobbelte forklaring (Sandhed til Gud-

frugtighed) ombyttet med Saxtorfs Udtog, ikke uten noen motstand.

Sokneprest Lund er gravlagd på kyrkjegarden i Davik.

Gudstenester:

Palmesundag	2. april:	Totland.
Skirtorsdag	6. » :	Rugsund.
Langfredag	7. » :	Davik.
1. påskedag	9. » :	Davik.
2. påskedag	10. » :	Ålfot.
1. sund. etter p.	16. » :	Rugsund.
2. —»—	23. » :	Berle.
3. —»—	30. » :	Davik.
4. —»—	7. mai :	Rugsund.
5. —»—	14. » :	Totland.
Kristi him.ferds d.	18. » :	Ålfot.
6. sund. etter p.	21. » :	Kjølisdal.
1. pinsedag	28. » :	Davik.
2. pinsedag	29. » :	Rugsund.
Treeinings sund.	4. juni :	Davik.
1. s. etter tr.	11. » :	Ålfot.
2. —»—	18. » :	Davik.
3. —»—	25. » :	Totland.
4. —»—	2. juli :	Rugsund.

Ikr. påske skal det vera ofring i Davik til Menighetsfakultetet, i dei andre kyrkjene til heidning nis'onen. — Ikr. pinse i Davik til heidningmisjonen, i Rugsund og Totland til Menighetsfakultetet og i Ålfot til Indre sjømannsmisjon.

Neste nr. av Kyrkjebladet skal koma i juni.

Soga um Saul frå Tarsus.

(Framhald).

Paulus's opphald i Cæsarea enda då Porcius Festus, ein samvitsfull romersk embetsmann, kom i taden for den tvilsomme Felix. Det Høge råd vona no å få Paulus or vegen; det leit på at Festus ikkje var inne i saka, og kravda at apostelen skulde for domstolen, noko som Festus straks gjekk med på. Festus fann at dette var ei innfløkt sak. Det galdt ein viss Jesus. Jødane sa at han var ein fiende av keisaren, og at han var død. Paulus sa at han ikkje var nokon fiende av keisaren, og at han var levande. »Eg lyt ha dette fram for heile rådet dykkar,« sa landshovdingen, »og eg vil sjølv koma og passa på at det vert fare rettferdig åt«.

Og så sa Paulus to ord, som vart avgjerande for heile Europas historie seinare: »Cæsarene apello«, »eg appellerar til keisaren«. Han visste det var Herrens meining at han skulde arbeida i Rom. Hans inderlege bønesamfund med Herren er overmåte forvitneleg. Det gjorde at han vart heilt sikker på sume praktiske ting, men andre hadde han ikkje opplysning om. Her hadde han ingen tvil. »Eg krev den retten som ein romersk borgar har. Det er retten til, kvar i riket ein så er, å verta førd til Rom og verta dømd av keisarens domstol; eg appellerar til keisaren«. Den gjeve Festus vart forundra; han rådførde med sine juridiske rådgjevarar, og då det var klårt at appelen var fullt lovleg, uttala han den vanlege formelen: »Til keisaren har du appellert, til keisaren skal du fara.« Vi er takksame fordi Festus her kjende seg så uviss i denne saka. Av den grunn kalla han til hjelp

kong Herodes Agrippa II, som var ein ihuga jøde, men med dårleg moral, og for han heldt Paulus den finaste og mest gripande av sine taler. Då dei hadde høyrtden, vilde Agrippa og Festus ha slept Paulus fri, dersom han ikkje hadde appellert til keisaren. Denne ettersøkinga og avgjerdsla berga livet hans to gonger. Han hadde vorte myrda av jødane, hādde han vorte slept fri, og meldinga frå Festus hjelpte han, då han to år seinare stod fram for retten i Rom.

Den romerske heren var den likaste som søga melder om. Den var og nytta som rikspoliti. Paulus vart no overgjeven til Julius, centurion, (kaptein) i Augustusdivisjonen, for å ferast til Rom. Julius skulde fara med ein flokk fangar, venteleg brotsmenn som skulde slaktast ned i gladiatorstridane. Paulus vart som romersk borgar høvisk medfaren og fekk lov til å ta med seg Lukas som sin privatlækjar. Dette har vi å takka for den lengste skildring av ei sjøreis som vi har i den gresk-romerske litteraturen. Eg kan ikkje koma nærmare inn på den. Eg bed dykk lesa den sjøelve.

XXVI.

For no lyt eg ta dykk med til det coeliske berget i Rom, der Paulus og Lucas vart overlevera til sjefen for det keisarlege politi. Den offisielle rapporten om Paulus var sers velviljug, og han fekk lov til å bu i eit hus for seg sjølv, utanfor politistasjonen, men vakta av ein soldat som han var bunden til med ei lekkje. Eg tykkjer det måtte vera verre enn å vera i fengsel.

Dersom vi var komne til det huset der Paulus budde på den tid, vilde vi kanskje ha funne at tilhøva var nokså like dei som no er. Venteleg var det ei trong, skita gate, med høge blokker med arbeidarbustader, med lite sol, avskyelig lukt, klede som heng til turking, små born — ikkje ulike dei i vår tid — som leikar i rennesteinane. Vi vilde ha klatra opp ei smal tropp med kålstylkar og anna rusk, og så skulde vi ha funne apostelen med soldaten sin, i eit lite rom, med alvorsame, ivrige folk ikring seg. Han hadde det mykje hyggelegare i Cæsarea.

Det er å leggja merke til at apostelen rekna det for si fyrste plikt også her i Rom å bera evangeliet fram for dei uomvende jødane. Han synest ha gjort det til ein regel, som han for sitt samvit skuld aldri kunde bryta, at han alle stader preika fyrst for dei uomvende av sitt eige folk.

Dette er det siste som Apostelgjerningane fortel om. Det er slutten av andre delen i det verket som Lukas hadde tenkt å skriva i tre bind, men det tredje vart aldri ferdig. Paulus hadde bode fram evangeliet til jødane i Antiokia, i Pisidia, i Korint og i Efesus og no tilsist i verdshovudstaden. Alle stader forkastar dei det. Lukas gjer denne scene til eit bilete på kyrkja sin framvokster. Paulus sat i sin bustad. Forstandarane for synagogane kjem til han. Han gjev ei utførelg utgreiing om den kristne tru. Då kvelden nærmar seg forkynner han Guds dom: »Så skal de då vita at denne Guds frelse er sendt til heidningane; dei kjem og til å lyda på henne.« Det er for Lukas den endelege forkasting av det utvalgte folket. Då desse mennene gjekk ned den tronge troppa den ettermiddagen, byrja den underlegaste av alle soger — soga om den vandrande jøde.

(Meir).